



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger  
**Dato:** 11.03.2014  
**Tidspunkt:** 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kari Marie Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982,

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Jens Harald Abotnes  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/14	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/14	Orienteringssak om oppfølging av rapport om barnevernstenesta, teieplikt og lovlegkontroll		2014/330
PS 4/14	Årsmelding 2013 frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport 2013 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune. Uttale frå kontrollutvalet.		2014/207
PS 5/14	Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016		2014/228
PS 6/14	Evaluering av plan for selskapskontroll 2012 - 2016		2014/229
PS 7/14	Meldingar		
RS 1/14	Budsjett 2014 og rekneskap 2013 KUV		2014/230
RS 2/14	Vedtak KST revisjonsavtale og vurdering av opsjon		2014/238
RS 3/14	Vedtak KST om standard atterhald om kommunal kontroll		2014/229
RS 4/14	Vedtak rapport selskapskontroll Business Region Bergen		2014/227
RS 5/14	Fagkonferanse FKT i Haugesund juni 2014		2014/224
PS 8/14	Gjennomgang av møteprotokollar		2014/232
PS 9/14	Eventuelt		

PS 1/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/14 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2014/330-1  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	3/14	11.03.2014

## Orienteringssak om oppfølging av rapport om barnevernstenesta, teieplikt og lovlegkontroll

Det er sendt slik førespurnad til ordfører om orientering til kontrollutvalet sitt møte:

«I sitt siste møte (05.12.13) tok kontrollutvalet opp under «gjennomgang av møteprotokollar»:

- «Det vart kommentert at eit av vedtaka som vart gjort i siste kommunestyremøte truleg vert sendt til Fylkesmannen til lovlighetskontroll. Kontrollutvalet vil følgja med i denne lovlighetskontrollen.»

Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjeve ei orientering om stoda når det gjeld følgjande saker i sitt møte 11.03.14:

- Krav om lovlegkontroll av vedtak fatta i kommunestyre 06.11.13 (Svar frå Fylkesmannen vil bli lagt som vedlegg til orienteringssaka til kontrollutvalsmøte).
- Status for arbeidet med ny gjennomgang av interpellasjon om brott på teieplikta (Informasjonsnotat / orientering til KST-møte 05.03.14 vert lagt ved som vedlegg).
- Oppfølging av rapport om barnevernet i Samnanger (Saksframlegg til kommunestyret 05.03.14 (KST-sak 006/14 vert lagt ved som vedlegg).

Ber om at ordfører orienterer til kontrollutvalet om stoda i desse sakene, og at kontrollutvalet evt. får høve til å stilla spørsmål.»

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

- Sak til kommunestyret 05.03.14 «Oppfølging av rapport om barnevernet i Samnanger». Sjølv rapporten vert ikkje lagt som vedlegg, den kan lesast /hentast ned frå heimesida til kommunen.
- Svar frå Fylkesmannen vedr. «Lovlegkontroll av vedtak fatta i Samnanger kommunestyre 06.11.13».
- Informasjonsnotat / orientering om status for arbeidet med ny gjennomgang av interpellasjon om brot på teieplikta.



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FA-F47
Arkivsaksnr: 13/849	Løpenr: 14/767
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	12.02.2014	007/14	TR
Kommunestyret	05.03.2014	006/14	TR

## OPPFØLGING AV RAPPORT OM BARNEVERNEN I SAMNANGER

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret legg til grunn at det kjem på plass eit godt og tenleg internkontrollsystem når Samnanger kommune inngår i eit interkommunalt samarbeid om barnevernet. I påvente av det skal kontoret har ekstra merksemd på lover og forskrifter, og sjå til at dei vert følgt opp. Dette gjeld særleg på område Samnanger kommune har hatt negativt avvik, m.a. å overhalda lovmessig tidsfristar.

Kommunestyret er samd i at ved å få på plass eit system for tverrfagleg samarbeid for barn og unge vil ein ha eit godt reiskap som sikrar godt samarbeid både internt i kommuneorganisasjonen og med eksterne samarbeidspartar.

**12.02.2014 Formannskapet**

Handsaming i møtet:

Formannskapet ønskte å ha inn ei setning om rapporten som første del av vedtaket. Det var semje om fylgjande: "Rapporten frå granskinga av barnevernet i Samnanger vert lagt til grunn for vidare arbeid med barnevernet i Samnanger kommune."

...legg til grunn i 1. setning vert erstatta med føreset..."

Rådmannen sitt framlegg med tillegg og endring som vist over vart samrøystes vedteken.

**FORM-007/14 Vedtak:**

Rapporten frå granskinga av barnevernet i Samnanger vert lagt til grunn for vidare arbeidet med barnevernet i Samnanger kommune.

Kommunestyret føreset at det kjem på plass eit godt og tenleg internkontrollsystem når Samnanger kommune inngår i eit interkommunalt samarbeid om barnevernet. I påvente av det skal kontoret har

ekstra merksemd på lover og forskrifter, og sjå til at dei vert følgt opp. Dette gjeld særleg på område Samnanger kommune har hatt negativt avvik, m.a. å overhalda lovmessig tidsfristar. Kommunestyret er samd i at ved å få på plass eit system for tverrfagleg samarbeid for barn og unge vil ein ha eit godt reiskap som sikrar godt samarbeid både internt i kommuneorganisasjonen og med eksterne samarbeidspartar.

**Dokument som ikkje er vedlagt:**  
Granskingsrapport

**Kva saka gjeld:**

Formannskapet fatta i møte 06.01.2014 fylgjande vedtak:

**FORM-002/14 Vedtak:**

*Rådmannen forebur sak for formannskapet/kommunestyret der folgjande tema skal sjåast på med tanke på å avslutta sak knytt til granskning og granskingsrapporten av barnevernet:*

- *Internkontrollsystem med tilhoyrande skildring av rutinar.*
- *Samhandling og samarbeid med brukarar og i og mellom ulike omtala faginstansar og einingar.*

*Som del av saksførebuinga skal interkommunalt barnevernsamarbeid avklarast og ny organisasjonsplan for tenestene som i dag ligg til sosial – og helseeininga presenterast. Arbeidet med ny organisasjonsplan er foresett gjennomført innan utgangen av januar. Som del av dette skal det sokjast avklara kva arbeidsforhold personalet i barnevernet vårt i framtida skal ha til Samnanger kommune.*

**Internkontroll**

I fylgje lovverket skal det vera utarbeidd skriftlege rutinar for arbeidet i barnevernet.

Definisjon av internkontroll fremgår av forskriftens § 3:

*I denne forskriften betyr internkontroll systematiske tiltak som skal sikre at barnevernstjenestens aktiviteter planlegges, organiseres, utføres og vedlikeholdes i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av lov om barnevernstjenester.*

§ 4 andre ledd omtalar kva internkontrollen minst skal innehalda.

- a) Skildring av verksemda si organisering, oppgåver og mål.  
Her skal det m.a. gå fram kven som har ansvar for kva.
- b) Sikra tilgang til lovverk og forskrifter
- c) Kompetanse
- d) Medverknad frå dei tilsette og frå andre som gjer oppdrag for barnevernet
- e) Bruka erfaringane og tilbakemeldingane frå barn og foreldre
- f) Gjennomføra risikovurderingar

Eit internkontrollsystem for barnevernet vil innehalde rutineskildring for mange oppgåver. Skildringa skal i detalj gjera greie for korleis ein skal handtera bestemte oppgåver. Det kan t.d. vera handtering av bekymringsmeldingar. Sjølv om det ytre regelverket er likt for alle, vil organiseringa på kontoret, sakshandsamingsverktøy, postrutinar m.m. gjera at rutineane ikkje er likt frå det eine kontoret til det andre.

Barnevernstenesta i Samnanger har starta på arbeidet med ei rutinehandbok – skisse vart utarbeidd i 2012, men arbeidet stansa opp.

**Vurderingar:**

Med utgangspunkt i at ein internkontroll skal skildra rutinane ved kontoret relativt detaljert, ser rådmannen for seg at det ikkje har noko føremål å sette i gang dette arbeidet no når barnevernet i løpet av relativt kort tid vert interkommunalt. Inntil så skjer, må kontoret vera svært merksam på lover og forskrifter, og sjå til at dei vert følgt opp. Dette gjeld særleg på område me har hatt negativt avvik, m.a. å overhalda lovmessig tidsfristar.

**Samhandling og samarbeid med brukarar og i og mellom ulike omtala faginstansar og einingar.**

Med rapporten har me fått ei påpeiking på område der me klart må forbetra oss – samhandling og samarbeid. Dette er teke tak i av dei som i dag arbeider i/gjer oppdrag for barnevernstenesta i Samnanger. Samhandling vil og vera eit sentralt tema i internkontrollsystemet.

Rapporten peiker på at det er manglar i samhandling og samarbeid mellom barnevernet og einingar/avdelingar/personar i kommunen og også med instansar utanføre kommunen. Når det gjeld samhandling og samarbeid i og mellom ulike faginstansar og einingar, er det starta opp eit arbeid/prosjekt som har som føremål å betra på dette. Dette var planlagt starta opp i 2013, men var ikkje mogleg å prioritera. I budsjettet for 2014 er det sett som mål å få etablert eit tverretatleg samarbeid rundt barn og unge innan utgangen av året. Ass. rådmann, som er ansvarleg for prosjektet, har starta opp arbeidet og det er alt kome inn innspel for fleire konstruktive innspel frå medarbeidarane våre.

**Vurderingar:**

Gjennom etablering av eit tverretatleg samarbeid for barn og unge vil me sette eit ekstra lys på kor viktig samarbeid er. Det bør i seg sjølv innebera at alle i organisasjonen får dette "inn under huden". Gjennom prosjektet vil ein og finna fram til kva som skal gjerast organisatorisk, skal dette ansvaret leggjast til ein person, skal me ha faste fora/møteplassar m.m. Samhandling med barn og foreldre og på kva måte det skal skje på vil vera eit sentralt tema i internkontrollhandboka som etter kvart vil koma på plass. I påvente av interkommunalt samarbeid, vil det for rådmannen vera viktig å få kommunisert til dei som arbeider i barnevernet vårt om kor viktig det er at dette vert teke på alvor.

**Framtidig organisering**

Rådmannen har sidan vedtaket vart fatta 6.1.2014 gjennomført fleire interne møte for å få informera om vedtaket og arbeidet. Det har vore møte med tilsette i sosial- og helseininger og med representantar for plo – leiar, psykiatrisk sjukepleiar og avd.leiar funksjonshemma. Det har og vore samtaler med einingsleiar for sosial og helse. I tillegg har det vore drøftingar internt hjå rådmannen.

Det har vore gode og konstruktive møte. Fleire ga klare tilbakemeldingar om kva dei ønskte som framtidig organisering. Nokre diskusjonar gjekk i retning av at det gjerne var tida for å sjå nærare på heile den administrative organiseringa. Det var prinsipielle diskusjonar m.a. om kva som er ein robust organisasjon og om ulike problemstillingar knytt til samanblanding av forvaltning og drift.



Gjennom arbeidet har rådmannen etter kvart konkludert med at det er tid for å sjå på heile organisasjonen. Dette slutta formannskapet seg til i møte 05.02.2014.

*Formannskapet stor at rådmannen vurderer heile den administrative organiseringa i Samnanger kommune. Formannskapet ønskjer å vera ein aktiv medspelar i dette arbeidet. Rådmannen kjem attende med eiga sak som også inkluderer opplegg, organisering og framdriftsplan.*

#### **Interkommunalt samarbeid**

Det vert no arbeidd med ein avtale med Kvam herad om at dei tek ansvaret for barnevernet. Rådmannen var i møte med heradet torsdag 30.01.2014, og det vart då presentert ei skisse til avtale. Fleire spørsmål må finne si avklaring, m.a. om tilsettingstilhøve og økonomi. Den skisserte framdrifta tilseier oppstart av samarbeidet før sommaren. Kvam ser for seg ei handsaming av avtalen anten i kommunestyremøte i april eller mai.



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hugo Morken, 55 57 21 17

Vår dato  
27.01.2014  
Dykkar dato  
27.12.2013

Vår referanse  
2014/35 323  
Dykkar referanse  
10/267/13/6848/INT/JEB

Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

### Krav om lovlegkontroll av vedtak fatta i Samnanger kommunestyre den 6. november 2013

Fylkesmannen viser til oversending motteken her den 02.01.2014.

#### Vedtak

**Krav om lovlegkontroll vert avvist.**

#### Bakgrunn for saka

Samnanger kommunestyre handsama den 25.09.2013 sak 047/13 «*gjennomgang av interpellasjon om brot på teieplikta*». Interpellasjonen som var grunnlaget for saka kom inn til kommunestyremotet 17.04.2013. Saksutgreiinga i sak 047/13 vart gjort av setjerådmann/kommuneadvokat frå Fjell kommune. Kommunestyret vedtok 25.09.2013 å godta setjerådmannen sin konklusjon om at det ikkje var funne brot på teieplikta. Vedtaket vart gjort med tolv mot ni røyster.

Til kommunestyremotet 06.11.2013 kom det inn ein interpellasjon med tittelen «*interpellasjon vedrorande teieplikt og hendingar i kommunestyret 06.03.2013*». Det vart i interpellasjonen stilt spørsmål ved setjerådmannen sitt arbeid/saksutgreiing i sak 047/13. Interpellantane foreslo at det skal gjerast ein ny gjennomgang av interpellasjonen om brot på teieplikta og at «*brev om hendingar i kommunestyret 06.03.2013*» vert vedlagt saka. Det vart vidare foreslått at advokat Harald Hove skal setjast til denne oppgåva.

Kommunestyret vedtok 06.11.2013 at interpellasjonen om brot på teieplikta skal gåast gjennom på nytt, og at advokat Harald Hove vert sett til oppgåva med å vurdera interpellasjonen og omtalen av hendingar i kommunestyret 06.03.2013. Vedtaket vart gjort med tretten mot åtte røyster.

Kommunestyrerepresentantane Brigte Olav Gåsdaal, Liv Berit Kvernes Befring og Øyvind Strømme har sett fram krav om lovlegkontroll av vedtaket. Kravet vart motteken av ordføraren den 27.11.2013.

Klagarane stiller spørsmål ved om kommunestyret bryt reglane om offentlege innkjøp ved at oppdraget som vart gitt til advokat Hove ikkje vart konkurranseutsett. Vidare stiller dei spørsmål ved om representantar i kommunestyret «*på ein slik måte kan overta oppgåver rådmannen skal ha*».

Kommunestyret handsama kravet om lovlegkontroll i møte den 18.12.2013. Det vart ikkje fatta nytt vedtak i saka og kravet om lovlegkontroll er derfor sendt til Fylkesmannen for hand-saming.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Lovlegkontroll er regulert i kommunelova (kompl.) § 59. Foresegna lyder som følgjer:

*«1. Tre eller flere medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget kan sammen bringe avgjørelser truffet av folkevalgt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjon inn for departementet til kontroll av avgjørelsens lovlighet. Det samme gjelder avgjørelser om moter skal holdes for åpne eller lukkede dører, jf. § 31, og avgjørelser om habilitet. Avgjørelser om ansettelse, oppsigelse eller avskjed er ikke gjenstand for lovlighetskontroll. Spørsmål om det foreligger brudd på lov av 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser, og forskrifter vedtatt med hjemmel i denne lov kan heller ikke gjøres til gjenstand for lovlighetskontroll.*

*2. Krav om lovlighetskontroll framsettes for det organ som har truffet den aktuelle avgjørelse. Hvis dette opprettholder avgjørelsen, oversendes saken til departementet.*

*3. Det organ som har truffet avgjørelsen, kommunalt eller fylkeskommunalt organ overordnet dette, eller departementet, kan beslutte at avgjørelsen ikke skal iverksettes for lovlighetsklagen er avgjort.*

*4. Ved lovlighetskontroll skal det tas stilling til om avgjørelsen*

*a. er innholdsmessig lovlig,*

*b. er truffet av noen som har myndighet til å treffe slik avgjørelse, og*

*c. er blitt til på lovlig måte.*

*Departementet skal oppheve avgjørelsen hvis det er gjort slike feil at den er ugyldig.*

*5. Departementet kan på eget initiativ ta en avgjørelse opp til lovlighetskontroll.*

*6. Departementet kan kreve at kommunen og fylkeskommunen gir opplysninger om enkeltsaker eller sider av kommunens og fylkeskommunens virksomhet. Departementet har rett til innsyn i alle kommunale og fylkeskommunale saksdokumenter.*

*7. Departementet fastsetter nærmere regler om tidsfrister for krav om lovlighetskontroll.»*

Kommunaldepartementet har delegert mynde til å gjennomføre lovlegkontroll av kommunale avgjerder til Fylkesmannen, jf. rundskriv H-25/92.

Vi fastslår innleiingsvis at kravet om lovlegkontroll er sett fram av nokon som har rett til å krevje lovlegkontroll etter kompl. § 59 nr. 1. Kravet er vidare sett fram innan dei fristar som gjeld.

Det neste spørsmålet saka reiser er om Fylkesmannen har mynde til å foreta lovlegkontroll av dei aktuelle avgjerdene.

Fylkesmannen forstår det aktuelle vedtaket frå Samnanger kommunestyre som to avgjerder. Det er for det første gjort vedtak om at interpellasjonen om brot på teieplikta skal gåast gjennom på nytt. Dernest er det gjort vedtak om å gje oppdraget til advokat Hove. Vi forstår det vidare slik at det er kravd lovlegkontroll av begge desse avgjerdene.

Hovudregelen i koml. § 59 nr. 1 er at det er kommunale «avgjorelser» som kan vere gjenstand for lovlegkontroll. Slik dette omgrepet vert forstått, er det berre avgjerder som avgjer realiteten i ei sak som kan vere gjenstand for lovlegkontroll<sup>1</sup>. Det vil seie at det som hovudregel berre er den endelege avgjerda, dvs. den avgjerda som avslutter saka, som er gjenstand for kontroll. Prosessleiande avgjerder, det vil seie avgjerder som er fatta som ledd i hand-saminga av ei sak, kan ikkje i seg sjølv vere gjenstand for lovlegkontroll, ut over dei tilfella som er positivt regulert i koml. § 59 nr. 1 andre setning<sup>2</sup>.

Avgjerda om at interpellasjonen om brot på teieplikta skal gåast gjennom på nytt må, slik Fylkesmannen ser det, reknast for å vere ei prosessuell avgjerd. Denne avgjerda avsluttar ikkje saka. Vi kan heller ikkje sjå at dei øvrige alternativa i koml. § 59 nr. 1 gir Fylkesmannen mynde til å foreta lovlegkontroll av denne avgjerda. På dette grunnlag finn Fylkesmannen at vi ikkje har mynde til å foreta lovlegkontroll av denne avgjerda. Kravet om lovlegkontroll vert derfor å avvise.

Når det gjeld avgjerda om å gje oppdraget til advokat Hove, er grunnlaget for kravet om lovlegkontroll at det vert reist spørsmål ved om kommunestyret bryt reglane om offentlege innkjøp.

Det følgjer av ordlyden i koml. § 59 nr. 1 fjerde setning at spørsmål om det ligg føre brot på føresegnene gitt i eller i medhald av lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlege innkjøp ikkje kan vere gjenstand for lovlegkontroll etter koml. § 59. Er det kravd lovlegkontroll med den grunn-gjeving at avgjerda er i strid med reglane om offentlege innkjøp, skal saka avvist<sup>3</sup>.

Kravet om lovlegkontroll av avgjerda om å gje oppdraget til advokat Hove vert etter dette avvist.

Etter dette konkluderer Fylkesmannen med at vi ikkje har mynde til å foreta lovlegkontroll av nokon del av kommunestyret sitt vedtak. Kravet om lovlegkontroll vert derfor avvist.

Fylkesmannen sitt vedtak kan ikkje påklagast.

Vi ber Samnanger kommune om å underrette dei kommunestyrerepresentantane som hadde kravd lovlegkontroll om dette vedtaket.

<sup>1</sup> Jf. til domes Ot. prp. nr. 17 (2008-2009) s. 37, og Kommunaldepartementet sin rettleiar H-2299 s. 11

<sup>2</sup> Jf. Kommunaldepartementet sin rettleiar H-2299 s. 13

<sup>3</sup> Jf. Kommunaldepartementet sin rettleiar H-2299 s. 17

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes  
avdelingsdirektor

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



---

## Informasjonsnotat / orientering

---

**Til:**  
Kommunestyret

**Frå:**  
Jan Erik Boge

### **STATUS FOR ARBEIDET MED NY GJENNOMGANG AV INTERPELLASJON OM BROT PÅ TEIEPLIKTA**

*Saknr./Journalnr*  
11/641/14/1084/INT/JEB

*Arkivkode*  
FE-033, TI-&29

*Dato:*  
25.02.2014

---

Kommunestyret vedtok 06.11.2013 at interpellasjon om brot på teieplikta skal gåast gjennom på nytt, og at advokat Harald Hove vert sett til denne oppgåva.

Hove rekna i utgangspunktet med at han skulle verta ferdig med oppgåva i midten av januar 2014, men arbeidet hans har vorte forseinka og er framleis ikkje ferdig. Hove sin rapport kjem derfor ikkje opp som sak i kommunestyret 05.03.2014.

Hove gjennomførte i veke 5/2014 intervju/samtalar med folkevalde og tilsette i kommunen, men dei som vart intervjuar har førebels ikkje fått skriftleg referat frå samtalanene. Det står også framleis att intervju/samtale mellom Hove og ein tilsett i kommunen.

Kommuneadministrasjonen veit per i dag ikkje kva tid Hove sin rapport vert ferdig.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 232  
Arkivnr: 2014/207-3  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	4/14	11.03.2014

## Årsmelding 2013 frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport 2013 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune. Uttale frå kontrollutvalet.

### Bakgrunn for saka:

Viser til utdrag frå brev av 21.02.2005, frå Skattedirektoratet:

*"Kommunenenes behandling av skatteregnskapene etter at kontroll og revisjon er overtatt av staten.*

- *Staten er nå gitt det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkreverfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatteregnskapet, mens oppfølgingen av den interne kontroll hos skatteoppkrever, utføres av regionale kontrollenheter lokalisert ved fem skattefogdkontor. Det er i denne forbindelse stilt spørsmål vedrørende kommunens behandling av skatteregnskapet.*

*Kommunestyret / kontrollutvalget skal etter det som er sagt over ikke lenger behandle selve skatteregnskapet, men får ved kontrollrapporten en tilbakemelding på om skatteoppkreverfunksjonen blir utført på en tilfredsstillende måte. Rapporten inneholder også eventuelle forslag til tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret / kontrollutvalget, men forutsetter at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet anser det likevel som naturlig at skatteoppkrever oversender skatteregnskapet og kopi av sin halvårlege redegjørelse til kommunestyret / kontrollutvalget."*

Skattedirektoratet har vidare i brev dagsett 02.05.07 svara dette på førespurnad når det gjeld kontrollutvalget sin innsynsrett og tilsynsrolle knytta til skatteoppkrevjarfunksjonen:

*"Ut i fra en vurdering av de aktuelle hjemler mener Skattedirektoratet at kontrollutvalget kan kreve å få seg forelagt nøkkeltall som vist i vedlagte skjema fra skatteregnskapet. Til tross for at kontrollutvalget ikke har instruksjonsmyndighet over skatteoppkreverne bør kontrollutvalget ha adgang til å bemerke forhold vedrørende samlede restanser og arbeidsgiverkontroll så lenge dette er et ledd i utvalgets arbeid med kontroll av revisjon og den økonomiske forvaltning i kommunen og fylkeskommunen."*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00  
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: [kari.nygard@hfk.no](mailto:kari.nygard@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)  
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Kommunal- og regionaldepartementet har i brev dagsett 01.06.07 kommentert skattedirektoratet sin uttale på denne måten:

*”Departementet har gått gjennom Skattedirektoratets vurdering av spørsmålene. Vi slutter oss til Skattedirektoratets vurdering og avklaring av de konkrete spørsmålene som er reist.”*

#### Drøfting:

Med bakgrunn i desse utsegnene frå skattemyndigheitene vert rapportar vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune lagt fram til drøfting:

- Årsrapport for 2013 frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune / Kvam herad, datert 16.01.14.
- Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune, frå skatteetaten, datert 14.02.14.

På grunn av manglande kapasitet har Samnanger kommune inngått avtale med Kvam herad om hjelp til skatteoppkrevjarfunksjonen. Avtalen gjeld for 6 månader frå 02.09.2013, og arbeidet omfattar innkrevjing og skatterekneskap, forutan arbeidsgjevarkontroll. Fleire av dei mindre skatteoppkrevjarkontora kjøper tenester når det gjeld arbeidsgjevarkontroll. Det er frå skatteoppkrevjar meldt inn ønske om midlar til kjøp av kontrolltenester, men dette er ikkje prioritert på budsjettet – verken for 2012 eller for 2013.

I sin årsrapport påpeikar og skatteoppkrevjar at det er manglande aktivitet / ressursar til dette arbeidet. Det vert meldt at tal planlagde kontrollar for 2013 er 0, og gjennomførte kontrollar i 2013 og er 0. Det vert konstatert at det ikkje er samsvar med skatteetaten sin kontrollrapport. Her vert det meldt om at det er utført 1 kontroll i 2013, som utgjer 1,9 % av antal arbeidsgjevarar. Skatteetaten påpeikar såleis i kontrollrapport for 2013 at «*Skattekontoret utført arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege i samsvar med gjeldande regelverk, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang, då det er utført 1,9 % kontroller mot eit krav på 5 %*».

Kontrollutvalet bør drøfta om det er tilfredstillande at kommunen ikkje prioriterer arbeid med å føra kontroll med arbeidsgjevarar vedr. innmelding av arbeidstakarar, skattetrekk, lønnsoppgåver, m.m. Eit aktivt innkrevjingsarbeid kan verka førbyggjande, mellom anna kan det føra til at uteståande restansar vert mindre. Aktivt innkrevjingsarbeid og hjelp / rettleiing til næringsdrivande kan vera med å unngå at restansar vert for store og uråd å handtera. Det kan og skapa unødige problem for tilsette om skattetrekk ikkje vert innbetalt rettidig.

Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune frå Skatteetaten konkluderer såleis med at skatteoppkrevjar utfører oppgåver med intern kontroll, rekneskapsføring, rapportering, avlegging av skatterekneskap og skatte- og avgiftsinnkrevjinga på ein tilfredstillande måte. Det som ikkje er tilfredstillande er aktiviteten / ressursar til arbeid med arbeidsgjevarkontrollar.

#### Konklusjon:

Kontrollrapporten frå Skatt Vest konkluderer med at Samnanger kommune totalt sett for 2013, med unnatak av dei påpeikingane som er gjort ovanfor, har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert utført på ein tilfredsstillande måte. Kontrollutvalet bør såleis, med bakgrunn i tilråding frå skatteoppkrevjar og Skatteetaten, drøfta om ein skal be kommunestyret vurdere å auka ressursane til kjøp av tenester for å utført arbeidsgjevarkontrollar.

#### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredsstillande måte.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunestyret vurderer å auka rammene for kjøp av tenester for gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar.



Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

- Årsrapport for 2013 frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune / Kvam herad.
- Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune



Årsrapport for 2013

## **Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune**

## Innhald

<b>1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd.....</b>	<b>3</b>
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret.....	3
1.1.1 Ressursar.....	3
1.1.2 Organisering.....	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll.....	3
1.3 Vurdering av skatteinngangen.....	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret.....	4
1.4 Skatteutval.....	4
<b>2. Skatterekneskapen.....</b>	<b>4</b>
2.1 Avlegging av skatterekneskapen.....	4
2.2 Margin.....	4
2.2.1 Margin for inntektsåret 2012.....	4
2.2.2 Margin for inntektsåret 2013.....	5
2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga.....	5
<b>3. Innkrevjing av krav.....</b>	<b>5</b>
3.1 Restanseutvikling.....	5
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav.....	5
3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar.....	6
3.1.3 Restansar eldre år.....	6
3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år.....	6
3.2 Innkrevjinga si effektivitet.....	7
3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2013.....	7
3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat.....	7
3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve.....	8
3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga.....	8
3.3 Særnamskompetanse.....	8
<b>4. Arbeidsgjevarkontroll.....</b>	<b>9</b>
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen.....	9
4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar.....	9
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen.....	9
4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen.....	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar.....	9
4.6 Gjennomførde informasjonstiltak.....	9

## 1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

### 1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

#### 1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret	0,7	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,2	28,5 %
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,4	57,0 %
Arbeidsgjevarkontroll	0,01	1,5 %
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar	0,04	5,8%
Skatteutval	0	0,0 %
Administrasjon	0,05	7,2%
(Andel fordelt skal være 100%)	0,7	100 %

#### 1.1.2 Organisering

##### 1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjarkontoret er en del av økonomikontoret i kommunen. Oppgåvene knytt til skatteoppkrevjarkontoret vert utført av skatteoppkrevjar. Skatteoppkrevjar deler tida mellom oppgåvene som skatteoppkrevjar (70 %) og andre oppgåver ved økonomikontoret (30 %). Ved skatteoppkrevjaren sine fråvær utfører økonomisjefen nødvendige oppgåver knytt til skatteoppkrevjarkontoret, for eksempel utbetalinger.

Samnanger kommune har retta førespurnad til Kvam herad om hjelp til skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger pga. manglande kapasitet.

Det er oppretta avtale som gjeld i 6 månader frå 02.09.2013. Arbeidet består av innkrevjing og skatterekneskap, forutan arbeidsgjevarkontoll.

##### 1.1.3 Ressursar og kompetanse

Ein stilling på 70 % verkar tilstrekkelig til å ivareta oppgåvene innan innkrevjing, skatterekneskap, informasjon til skatte – og avgiftspliktige og administrasjon. Når det gjeld arbeidsgjevarkontrollen har det vist seg vanskeleg å finna nok med tid til dette. Dette skuldast delvis arbeidet sin karakter, som er av ein slik art at ein bør ha mogelegheit til å jobbe utan avbrot med et ettersyn over ein viss tid.

## 1.2 Internkontroll

I løpet av 2012 er det innført nye rutiner for intern kontroll. Dei er beskrevne i rutinebeskriving. Rutiner omfattar blant anna:

- vekeleg avstemming av bankkonto med påfølgjande kontroll av avstemminga

- 2-måndleg oppfølging av bl.a. ubehandla utbetalinger, uplasserte innbetalinger, restanser og saksbehandlingstid av søknader om lemping.
- Kvartalsvis kontroll av identifiserte innbetalningar, innbetalningar plassert som krav til annan aktør, utbetalningar til annan aktør, manuelt etablerte/annulerte krav

### **1.3 Vurdering av skatteinngangen**

#### **1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret**

Totalt innbetalt skatt i 2013 var kr 216 380 773,- mot kr 211 339 466,- i 2012. Dette er ein auke på kr 5 041 307,- som utgjør 2,39%. Innbetalt arbeidsgjevaravgift syner ein liten nedgang. På dei andre skatteartane er det auke i høve til 2012

#### **1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret**

Skatteinntekter fordelt til kommunen i 2013 var kr 57 803 434,- mot kr 56 843 418,- i 2012. Dette er ein auke på kr 960 016. Aukinga skuldast i hovudsak auking i skatt person.

### **1.4 Skatteutval**

Det er ikkje sendt saker til skatteutvalet i 2013.

## **2. Skatterekneskapen**

### **2.1 Avlegging av skatterekneskapen**

#### **Avlegging av skatterekneskapen**

Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2013 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er ikkje motteke pålegg vedkomande rekneskapsføring, rapporteringa og avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrollering.

**Årsrekneskapen for 2013** følgjer som vedlegg til årsrapporten og er signert av skatteoppkrevjaren.

### **2.2 Margin**

#### **2.2.1 Margin for inntektsåret 2012**

Innestående margin for inntektsåret 2012, pr. 31.10.2013 kr 2 437 587

For mykje avsett margin for inntektsåret 2012 kr 2 437 584

### Marginprosent

Prosentprosent marginavsetning: 10 %. Gyldig frå: ca 1995

### 2.2.2 Margin for inntektsåret 2013

Marginavsetning for inntektsåret 2013, pr. 31.12. 2013 kr 16 466 441,-

Gjeldande prosentprosent marginavsetning: 10% . ca 1995

### 2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga

Det er avsett kr 2 437 584 for mykje i margin for inntektsåret 2012. Det var totalt avsett kr 18 068 117 til margin i 2012. Avviket er ikkje så stort at ein anbefaler å endra marginprosenten.

## 3. Innkrevjing av krav

### 3.1 Restanseutvikling

#### 3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Restanse 31.12.2012	Herav berostilt restanse 31.12.2012	Endring i restanse	
					Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse
<b>Sum restanse pr. skatteart</b>	3 180 632	0	3 155 105	0	+25 527	0
Arbeidsgjevaravgift	389 804	0	503 138	0	-113 344	
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forseinkingsrenter	68 942	0	169 385	0	-100 443	0
Forskotsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskotsskatt person	121 600	0	441 055	0	-319 455	0
Forskotstrekk	332 208	0	288 875	0	+43 333	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	39 045	0	24 362	0	+14683	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	256 168	0	51 666	0	+204 502	0
Restskatt person	1 972 865	0	1 676 624	0	+296 241	0
<b>Sum restanse diverse krav</b>	0	0	4 257	0	-4 257	0
Diverse krav	0	0	4 257	0	-4 257	0
<b>Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav</b>	3 180 632	0	3 159 362	0	+21 270	0

### 3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Restanse pr. 31.12.2013 for skatteartane arbeidsgjevaravgift, forskotstrekk og restskatt består i hovudsak av krav vedrørande to firma.

Restskatt person inneheld krav på over kr 750 000,- som er påklaga, men saka er ikkje avslutta.

Pr 31.12.13 er det ikkje berostilte krav.

Utlíkna skatt på person for 2012 var kr 172 153 102,- som er ein oppgang på kr 859 929,- i forhold til 2011.

Restskatt person for 2012 var kr 4 965 373 som utgjer ein oppgang på kr 557 786,- i forhold til 2011.

Utlíkna skatt på selskap for 2012 var kr 11 663 635 som utgjer ein oppgang på kr 790 703,- i forhold til 2011.

Arbeidsgjevaravgift i 2013 var kr 23 259 900,- som utgjer ein oppgang på kr 467 648,-.

Avskrevne krav i samband med avslutta konkurssaker og sletta selskap i 2013 utgjer kr 707 476,-

### 3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2011	370 066	312 303
2010	42 855	42 514
2009	28 473	14 040
2008 – 1999	451 339	-----

### 3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Kommentar til restansar for eldre år:

2011: Arbeidsgjevaravgift for 2 selskap. Restskatt person består i hovudsak av 3 skattytarar med ca kr 300 000,-. Av dette ei det ei endringssak i 2013 og to skattytarar med liten betalingssevne.

2010: Restanse består av 1 skattytar, pågår utleggstrekk med prioritet føre skattekrav.

2009: Restskatt og renter – innkrevjing pågår.

Eldre år: 1 skattytar er utvandar til for tida ukjent adresse, 2 skattytarar har gjeldsordning med tilsaman ca kr 198 000,- og for 3 skattytarar er det for tida ikkje grunnlag for vidare innkrevjing.

Forelda krav pr. 31.12.2013: 0  
Samla beløp på forelda krav pr. 31.12.2013: kr 0

Kommentar til restanseoppfølging for eldre år:

Kontoret har gått gjennom rapporten «Restanse – foreldra krav.»

### 3.2 Innkrevjinga si effektivitet

#### 3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2013

Skatteart	Resultat pr 31.12.2013	Krav
Restskatt personlege skattytarar 2011	92,9%	96,6 %
Forskotstrekk 2012	99,7 %	99,9 %
Utskreven forskotsskatt for personlege skattytarar 2012	100,0 %	99,8 %
Utskreven forskotsskatt for upersonlege skattytarar 2012	100,0 %	99,9 %
Restskatt for upersonlege skattytarar 2011	100,0 %	99,5 %
Arbeidsgjevaravgift 2012	99,1 %	99,8 %
Innkrevd restskatt, person 2011	70,5 %	78,0 %

Skatteoppkrevjaren oppnådde resultatkrava med to unntak: arbeidsgjevaravgift og restskatt personlege. Her låg ein henholdsvis 0,7 % og 3,7 % under krava. Størsteparten av restansane av arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk stammer frå to selskap.

#### 3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

I 2013 har skatteoppkrevjaren:

- Innvilget 4 betalingsavtaler.
- Pålagt motregning i eksterne krav i 1 tilfelle.
- Registrert utleggstrekk knytt til 18 skattytarar. Det er og registrert 4 maskinelle utleggstrekk. Erfaringa med å bruke utleggstrekk er god. I de fleste tilfelle blir krava etter kvart betalt.
- Avhalde 19 utleggsforretningar mot til saman 17 skattytarar. Erfaringen er at utleggsforretning kan føra til raskere betaling av kravet, særlig når det gjeld nyare krav.
- Det er det sendt eit varsel om tvangsdekning v/fullmakt. Erfaringene hittil er blandet. Pant i bankkonto med på følgende tvangsdekning m/fullmakt er effektivt, men beløpene på konto har vært relativt lave. Når det gjeld tvangssalg har



skatteoppkrevjaren ikke tilstrekkelig erfaring, men antar at dette er et effektivt innfordringstiltak.

- Det er behandla 30 saker gjennom telefoninkasso.

### **3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve**

Det er eit lite antall skattytarar som utgjer ein stor del av uteståande. Dette er saker som det er vankeleg å få avslutta. Skattytarar som er reist frå landet og ikkje kan innkrevjast i utlandet må stå til observasjon til forlenga forfall er nådd eller nye opplysningar som gjer det mogeleg å innkrevja beløpet.

Krav på arbeidsgjevarar gjeld i hovudsak to firma, der det eine har vore med i konkursbegjæring frå Skatt Vest, men vart stoppa i tingretten. Krav om begjæring av konkurs må takast opp til vurdering.

Som tidlegare omtala er det ein stor restskatt for 2012 som er påklaga og ventar på å verta avgjort av skatteetaten.

### **3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga**

Skatteoppkrevjaren ynskjer framleis å ha hyppig oppfølging av restanselistene og å ha fokus på bruk av utleggstrekk.

Raskare bruk av utleggsforretning overfor nye, store krav kan også bidra til betre effektivitet i innkrevjing.

Ei tredje mulig tiltak for å betre effektiviteten er å la det gå kortare tid frå avhalde utleggsforretning til begjæring om tvangssal.

## **3.3 Særnamskompetanse**

Kontoret har i løpet av 2012 tatt i bruk særnamskompetansen. Dette har ført til at der vert gjennomført fleire og tidlegare utleggsforretningar. Erfaringa så langt er at dette har en positiv effekt på innkrevjinga.

## 4. Arbeidsgjevarkontroll

### 4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren i Samnanger har i 2013 ikkje kjøpt tjenester fra andre eller delteke i samarbeidsløsninger.

### 4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2013: 0

Som utgjør: 0 % av totalt tal LTO hos arbeidsgjevarane i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar 2013: 0

Som utgjør: 0 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

### 4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Ikkje noko å kommentere.

### 4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Fra 01.10.12 har kontoret hatt ei vakant stilling, noko som også har ført til at meir av skatteoppkrevjaren si tid har gått med til daglig drift. Det ble meldt inn ønske om midler til kjøp av kontrolltjenester, men dette tiltaket ble ikkje prioritert på budsjettet – verken for 2012 eller 2013.

Frå september 2013 er det inngått avtale med Kvam herad om skatteoppkrevjarfunksjonen i 6 månader, men dette gjeld ikkje for arbeidsgjevarkontoll.

### 4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar


Ikkje samarbeid.

### 4.6 Gjennomførde informasjonstiltak

Nye næringsdrivande i kommunen har fått tilsendt informasjon om kva som ventes av dei som arbeidsgjevar.

Norheimsund 16.01.2014

Steinar Vik  
Skatteoppkrevjar




**Vedlegg:** Årsrekneskapen for 2013 - signert av skatteoppkrevjaren.

Årsrekneskap for Samnanger kommune for rekneskapsåret 2013. Avlagt etter kontantprinsippet.

År	2013	2012
Likvider	16782322	15158008
Skyldig skattekreditorene	-315878	-121364
Skyldig andre	0	-1804
Innestående margin	-16466441	-15034836
Udisponert resultat	-3	-3
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-22777038	-22792252
Personlige skatteyttere	-182001062	-177506733
Selskapsskatt	-11390082	-10828417
Renter	-228790	-216761
Innfordring	16199	4697
Sum	-216380773	-211339466
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	22777038	22792252
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	46578547	45651319
Fordelt til Fylkeskommunen	12510068	12374056
Fordelt til kommunen	57803434	56843418
Fordelt til Staten	76711686	73678420
Krav som er ufordelt	0	0
Sum	216380773	211339466
Sum totalt	0	0

Norheimsund 16.01.2014



Steinar Vik  
Skatteoppkrevjar

### Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

### **Sumlinjene i årsregnskapet**

- **Likvider**  
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**  
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.  
  
Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**  
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**  
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**  
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**  
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**  
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.



Kommunestyret i Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

## Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune

### 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

### 2. Om skatteoppkrevjarkontoret

#### 2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følgje skatteoppkrevjar sine årsrapportar:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
0,7	0,7	0,7



Særskilte merknader til bemanningssituasjonen frå skatteoppkrevjar er at Samnanger kommune har oppretta ein avtale med Kvam kommune som gjeld i 6 månadar frå 2. september 2013 p.g.a. manglande kapasitet. Arbeidet omfattar føring av skatterekneskapet, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

### 3. Måloppnåing

#### 3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Samnanger kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 216 380 773 og uteståande restansar<sup>2</sup> på kr 3 180 632, av dette krav stilla på vent kr 0. Skatterekneskapen er avlagt av skatteoppkrevjaren for Samnanger kommune (Kvam) 16. januar 2014.

#### 3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Samnanger kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2011	4,1	92,9	96,6	96,7	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	22,8	99,1	99,8	99,5	99,9
Forskotskatt personlege skatteytarar 2012	9,4	100,0	99,8	100,0	99,3
Forskotskrekk 2012	42,7	99,7	99,9	99,8	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2012	10,6	100,0	99,9	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	2,1	100,0	99,5	99,5	92,7

#### 3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune har i 2013 ikkje kjøpt tjenester frå andre eller delteke i kontrollsamarbeid. Resultat for skatteoppkrevjarkontoret per 31. desember 2013 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
54	3	1	1,9	0,0	0,0	4,2 %

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



#### **4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen**

Skattekontoret har i 2013 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 3. og 5. april 2013.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

#### **5. Resultat av utført kontroll**

- ***Intern kontroll***

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekka vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- ***Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen***

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- ***Skatte- og avgiftsinnkrevjing***

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- ***Arbeidsgjevarkontroll***

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det er utført 1,9 % kontroller mot eit krav på 5%.





## 6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom kontrollhandlingar i 2013 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 11. april 2013.

Venleg helsing

Arnljot von Mehren  
avdelingsdirektør  
Skatt vest

Jan Kåre Strøm  
underdirektør  
Regional kontrollering

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Samnanger kommune
- Skatteoppkrevjaren for Samnanger kommune
- Riksrevisjonen



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2014/228-1  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	5/14	11.03.2014

## Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016

### Bakgrunn for saka:

Kommunestyret gjorde vedtak i planar for forvaltningsrevisjon i møte 20.06.12. Vedtak i sak «Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 lyder:

1. *Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.*
4. *Delegering av mynde til kontrollutvalet i høve endringar og omprioriteringar i planen m.m. vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglement kjem opp i løpet av hausten 2012*
5. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.*

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i sak 34/13 i møte 05.12.13:

- *Kontrollutvalet vil gjennomføra prosjekt med å evaluera dei gjeldande planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.*
- *Prosjektplan som vert lagt fram i møte vert godkjent*
- *Når prosjektplanen er godkjent vert Deloitte i neste møte beden om å gjennomføra ein prosess med evaluering av planane saman med kontrollutvalet, med fokus på risiko og vesentlighet for aktuelle prosjekt.*
- *Deloitte utarbeider deretter eit dokument som oppsummerar kontrollutvalet sine vurderingar, og at dette vert eit tilleggsdokument for eksisterande planar. Dei justerte planane vert oversendt kommunestyret til orientering.*
- *Kontrollutvalet vert også beden om å tenkje i gjennom til neste møte, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i kommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planane.*

Forslag til prosjektplan blei godkjent i kontrollutvalsmøte 05.12.13. Det er såleis stadfesta til Deloitte at arbeidet med å evaluera planane kan starte opp.

Drøfting.

Det er avtala med Deloitte at dei skal ta utgangspunkt i gjeldande plan. På bakgrunn av dette skal dei i møte gjennomføre ei ny risikovurdering i ein prosess saman med kontrollutvalet etter ein eigen metodikk. Her vert planen revurdert og det vert ev. lagt til nye prosjekt frå kontrollutvalet. Dette vert vurdert i prosessen saman med dei andre prosjekta i planen. Deloitte vil før møtet også vurdere gjeldande plan opp mot dei endringar som ligg føre i KOSTRA tala.

Godkjend plan ligg ved som vedlegg til saka.

**Forslag til vedtak:**

1. Deloitte redigerer Plan for forvaltningsrevisjon i tråd med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Planen skal leggest fram for godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.
3. Deretter vert planen å senda til kommunestyret til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

- Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016

Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016  
Samnanger kommune.

## Innhold

<b>1. Innleiing .....</b>	<b>3</b>
1.1 Plan for forvaltningsrevisjon	3
1.2 Risiko- og vesentleganalyse	3
<b>2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2012 – 2016 .....</b>	<b>4</b>
2.1 Gruppe 1 – prioritert gruppe	4
2.2 Gruppe 2 – uprioritert gruppe	5
<b>3. Metode for gjennomføring av forvaltningsrevisjon .....</b>	<b>6</b>
<b>4. Gjennomføring og rapportering .....</b>	<b>6</b>

## 1. Innleiing

I følgje kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen.<sup>1</sup> Det er revisor som utfører forvaltningsrevisjon på vegner av kontrollutvalet.

Forskrift om revisjon § 7 om forvaltningsrevisjonens innhold:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om*

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) regelverket etterleves,*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.*

Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ønskjer å gjennomføre skal framkome i ein plan for forvaltningsrevisjon.

### 1.1 Plan for forvaltningsrevisjon

Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta står det:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.»<sup>2</sup>

### 1.2 Risiko- og vesentleganalyse

Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen er å framskaffe relevant informasjon om verksemda til kommunen, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon og å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til kor sannsynleg det er og konsekvensane av at det kan førekome avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre

<sup>1</sup> Kommuneloven § 77. Kontrollutvalget

<sup>2</sup> Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 10

føringar som kommunen har sett for verksemda. Risiko blir vurdert innanfor alle av kommunen sine tenestoområde. På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre for å avgjere kva område dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.<sup>3</sup>

Data som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse.
- Prosessmøte i kontrollutvalet.
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i kommunen.
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.



Data som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor dei ulike sektorane i kommunen. Analysen er samla i eit arbeidsdokument/ analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

## 2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2012 – 2016

Under følgjer prosjekta som er prioritert i tråd med risiko- og vesentleganalysen.

Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

### 2.1 Gruppe 1 – prioritert gruppe

Prioritet	Prosjekt	Tema
1	Sentraladministrasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering og ansvarsdeling</li> <li>- Kapasitet knytt til planleggings- og prosjekteringsoppgåver</li> </ul>
2	Samhandling og brukarmedverknad i helse- og omsorgstenestene	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Individuell plan</li> <li>- Tverrfagleg re-/habiliteringstilbod</li> <li>- Organisering</li> <li>- System og rutinar</li> <li>- Samhandling med NAV og spesialisthelsetenesta</li> </ul>

<sup>3</sup> For ein nærare presentasjon av overordna analyse, sjå "Kontrollutvalsboka" (KRD, 2011) kapittel 6 (tilgjengeleg på [http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger\\_brosjyrer.html?id=2129](http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer.html?id=2129))

<b>3</b>	Vedlikehold	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering</li> <li>- Universell utforming</li> <li>- Regeletterleving</li> </ul>
<b>4</b>	Vedtaksoppfølging og måloppnåing	<ul style="list-style-type: none"> <li>- System og rutinar</li> </ul>
<b>5</b>	Spesialundervisning og tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none"> <li>- System og rutinar</li> <li>- Regeletterleving</li> <li>- Samhandling</li> </ul>
<b>6</b>	Legevakt	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering</li> <li>- Tilgjenge</li> <li>- Internkontroll</li> </ul>

## 2.2 Gruppe 2 – uprioritert gruppe

Prosjekt	Tema
<b>Arkivering, offentlegheit og informasjonstryggleik</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering</li> <li>- Regeletterleving</li> <li>- System og rutinar</li> <li>- Praktisering</li> </ul>
<b>Barnevern</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering</li> <li>- Tiltak og ressursbruk</li> </ul>
<b>Personalforvaltning</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- - Rekruttering</li> <li>- - Kompetanseprofil</li> <li>- - Bruk av vikarar</li> <li>- - Sjukefråvær</li> </ul>
<b>Plan- og bygg</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering</li> <li>- Regeletterleving</li> <li>- Ressursbruk</li> <li>- Plan, bygg og oppmåling</li> <li>- Detaljplanlegging og sal av tomter</li> </ul>
<b>Prosjektstyring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering</li> <li>- Kompetanse</li> <li>- System og rutinar</li> <li>- Rapportering</li> </ul>
<b>Økonomistyring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Budsjettering</li> <li>- Oppfølging</li> <li>- Rapportering</li> </ul>



### 3. Metode for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einstilte prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapeleg analyse og vurdering. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Mogelege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

### 4. Gjennomføring og rapportering

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium<sup>4</sup> ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einstilte prosjekta.

Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon blir lagt fram for kommunestyret. I tråd med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet utarbeide ein rapport til kommunestyret om kva forvaltningsrevisjonar som er gjennomførte og om resultatane av desse. Kontrollutvalet oppfyller dette rapporteringskravet gjennom si årlege melding til kommunestyret om utvalet si verksemd. Det er også kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgde opp.

Kontrollutvalet vil kome attende til tidsplan for gjennomføring av dei einstilte prosjekta. Dersom føresetnadene skulle endre seg, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden. Årsaka til slike eventuelle endringar blir rapportert til kommunestyret i kontrollutvalet si årsmelding.

---

<sup>4</sup> Normer og standarder som forvaltningen blir vurdert i opp mot (vedtak, regelverk, mål)



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.com/no/omoss](http://www.deloitte.com/no/omoss) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2011 Deloitte AS



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2014/229-1  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	6/14	11.03.2014

## Evaluering av plan for selskapskontroll 2012 - 2016

### Bakgrunn for saka:

Kommunestyret gjorde vedtak i planar for selskapskontroll i møte 20.06.12. Vedtak i sak «Plan for selskapskontroll 2012 – 2016» lyder:

1. *Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2008 – 2012.*
2. *Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.*
3. *Delegering av mynde til kontrollutvalet i høve endringar og omprioriteringar i planen m.m. vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglement kjem opp i løpet av hausten 2012*
4. *I den grad Samnanger kommune vil ta initiativ til selskapskontroll skal det takast kontakt med dei andre samarbeidspartane i selskapet før kontrollen vert sett i bestilling. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggest fram for kommunestyret etter kvart.*

*Tabell side 5 pkt. 3.2 i planen vert retta opp, dei ulike selskapa står to gonger i tabellen.*

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i sak 34/13 i møte 05.12.13:

- *Kontrollutvalet vil gjennomføra prosjekt med å evaluera dei gjeldande planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.*
- *Prosjektplan som vert lagt fram i møte vert godkjent.*
- *Når prosjektplanen er godkjent vert Deloitte i neste møte beden om å gjennomføra ein prosess med evaluering av planane saman med kontrollutvalet, med fokus på risiko og vesentlighet for aktuelle prosjekt.*
- *Deloitte utarbeider deretter eit dokument som oppsummerar kontrollutvalet sine vurderingar, og at dette vert eit tilleggsdokument for eksisterande planar. Dei justerte planane vert oversendt kommunestyret til orientering.*
- *Kontrollutvalet vert også beden om å tenkje i gjennom til neste møte, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i kommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planane.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: [kari.nygard@hfk.no](mailto:kari.nygard@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Forslag til prosjektplan blei godkjent i kontrollutvalsmøte 05.12.13. Det er såleis stadfesta til Deloitte at arbeidet med å evaluera planane kan starte opp.

Drøfting.

Det er avtala med Deloitte at dei skal ta utgangspunkt i gjeldande plan. På bakgrunn av dette skal dei i møte gjennomføre ei ny risikovurdering i ein prosess saman med kontrollutvalet etter ein eigen metodikk. Her vert planen revurdert og det vert ev. lagt til nye prosjekt frå kontrollutvalet. Desse vert vurdert i prosessen saman med dei andre prosjekta i planen. Deloitte vil før møtet også vurdere gjeldande plan opp mot dei endringar som ligg føre i KOSTRA tala.

Gjeldande plan for selskapskontroll for perioden 2012 - 2016 ligg som vedlegg til saka.

Forslag til vedtak:

1. Deloitte AS redigerer Plan for selskapskontroll i tråd med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Planen skal leggest fram for godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.
3. Justert plan for selskapskontroll vert deretter oversendt kommunestyret til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

- Plan for selskapskontroll for 2012 - 2016

Plan for selskapskontroll 2012 – 2016  
Samnanger kommune.

## Innhold

<b>1. Innleiing .....</b>	<b>3</b>
1.1 Plan for selskapskontroll	3
1.2 Former for selskapskontroll	4
<b>2. Risiko- og vesentleganalyse.....</b>	<b>4</b>
<b>3. Oversikt over selskap.....</b>	<b>5</b>
3.1 Oversikt over selskap innanfor § 80	5
3.2 Oversikt over selskap utanfor § 80	5
<b>4. Prioriterte prosjekt for selskapskontroll i planperioden .....</b>	<b>6</b>
<b>5. Metode for gjennomføring av selskapskontroll .....</b>	<b>6</b>
<b>6. Rapportering .....</b>	<b>6</b>

## 1. Innleiing

I følge kommuneloven § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser.

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 14 står det:

*Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.*

Planen for selskapskontroll er basert på ein risiko- og vesentleganalyse som blei gjennomført i 2012.

### 1.1 Plan for selskapskontroll

Etter § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal det minst ein gong i valperioden verte utarbeidd plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje «senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert».

Kommunestyret vedtar planen, medan kontrollutvalet bestemmer kven som skal gjennomføre selskapskontrollen.

Innhaldet i § 13 i forskrifta må sjåast i samanheng med kommuneloven § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det kjem fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap,
- aksjeselskap kommunen eig åleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til slike selskap.

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret og omfatte selskap og verksemder som ikkje kjem inn under § 80. Dette er:

- selskap der kommunen har aksjar, men der det også er private aksjeeigarar.



## 1.2 Former for selskapskontroll

### Obligatorisk eigarskapskontroll

Eigarkontrollen kan omfatte:

- Kontroll ved selskapsetablering.
- Kontroll av at kommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa.
- Kontroll av at eigarskapa er forsvarleg i høve til føremål og type verksemd.
- Kontroll av at eigarrepresentantar har tilstrekkeleg kompetanse.
- Kontroll av at selskapa kommunen har eigarinteresser i følgjer aktuelle verksemdlover og anna relevant lovgjeving.
- Kontroll av at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser opptre i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader.

### Valfri forvaltningsrevisjon

Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men kommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom dette er relevant. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

## 2. Risiko- og vesentleganalyse

For å utarbeide plan for selskapskontroll er det gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. Det er spesielt desse forholda som er vurdert:

1. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
3. Risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut frå kor tenleg det er å gjennomføre kontroll for kommunen. To overordna perspektiv blir lagt til grunn for ei slik vurdering:

1. Fokus på brukarperspektivet.
2. Fokus på økonomiske interesser for kommunen.

Datainnsamlinga som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalysen, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomførte:

- Dokumentgjennomgang
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen

Data som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda knytt til forvaltning av eigarskap. Analysen er samla i eit arbeidsdokument/ analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av selskapskontrollprosjekt.

### 3. Oversikt over selskap

Under følger ei oversikt over selskap Samnanger kommune har eigarskap i. Oversikta er basert på informasjon frå kommunen. Selskapa er presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som fell inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap, og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar).

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje fell inn under § 80 i kommunelova. Desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre eigarane. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av representantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapportering frå selskapet samsvarar med retningsliner o.l.

#### 3.1 Oversikt over selskap innanfor § 80

Selskap	Føremål <sup>1</sup>	Eigardel
<b>Business Region Bergen AS</b>	Drive regional næringsutvikling, etablerertjeneste, profilering og marknadsføring og andre tenester som naturleg fell saman med dette, herunder å ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalte næringssegment.	2 %

#### 3.2 Oversikt over selskap utanfor § 80

Selskap	Føremål <sup>2</sup>	Eigardel
<b>Storeholmen VTA AS</b>	Attføring og/eller sysselsetting av yrkeshemmede.	9,09 %
<b>Norheimsund Industrier AS</b>	Gjennom fabrikkasjon og anna næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetjing av yrkeshemma og mindre arbeidsføre personar.	4,57 %
<b>BIR AS</b>	Eige og forvalte selskap som skal syte for innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall. Selskapet kan også etablere innsamling, transport og handsaming av produksjons-, nærings- og farleg avfall.	0,88 %
<b>Kommunekraft AS</b>	Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	Ubetydeleg eigardel
<b>Hardangervegen AS</b>	Arbeide aktivt for utvikling av planar for, og realisering av, ein mest moleg kort og effektiv vegforbinding mellom Odda og Bergen via Folgefonntunnelen og lang tunnel til Jondal, og med tilførselsveier.	Ubetydeleg eigardel
<b>KLP, Eigenkapital-innskott</b>	Kommunal Landspensjonskasse skal ivareta medlemmene sitt behov for tenestepensjons-ordningar.	Ubetydeleg eigardel
<b>Bergensbanens Forkortelse</b>	Namnet er ikkje registrert i RAVN Bedriftsinfo.	Ubetydeleg eigardel
<b>EDB A/S</b>	Namnet er ikkje registrert i RAVN Bedriftsinfo.	Ubetydeleg eigardel

<sup>1</sup> Nokre av selskapa sine føremål er korta ned i denne tabellen.

<sup>2</sup> Nokre av selskapa sine føremål er korta ned i denne tabellen.

## 4. Prioriterte prosjekt for selskapskontroll i planperioden

Kontrollutvalet har vurdert og prioritert dei ulike områda, og avgjort rekkefølga for selskapskontrollprosjekt i planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet vil elles, ut frå ei risiko- og vesentlegvurdering, velje ut selskap som dei ønskjer å kontrollere undervegs i perioden.

Omfanget av kontrollen i det enkelte selskap vil variere avhengig av størrelse og kompleksitet og eventuelt samarbeid med andre medeigar kommunar/fylkeskommunar.

Eventuell forvaltningsrevisjon i selskap blir vurdert av kontrollutvalet etter at obligatorisk eigarskapskontroll er utført og/eller der analyser eller andre indikasjonar syner at det kan vere aktuelt.

Prioritet	Prosjekt
1	Eigarstyring
2	Norheimsund industrier AS
3	Storeholmen VTA AS
4	Business Region Bergen AS

## 5. Metode for gjennomføring av selskapskontroll

Kontrollutvalet vil i kvart einskild tilfelle avgjere kva metode som skal nyttast i selskapskontrollen innanfor dei rammer som følgjer av lovgjeving og forskrifter.

## 6. Rapportering

Kontrollutvalet vil i samsvar med kontrollutvalsforskrifta § 15 rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomført og resultatane av desse.

Dersom føresetnadene skulle endre seg, eller dersom kontrollutvalet ønskjer fleire kontrollar, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden.



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.com/no/omoss](http://www.deloitte.com/no/omoss) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2012 Deloitte AS

PS 7/14 Meldingar

Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Funksjon (T)	Reknesk. 2013	Budsjett	justering	Rev. Budsjett	Budsjett 2014
12700	Konsulenttenester	1200	1100	Revisjon	151 730	158 854	0	158 854	165 000
13500	Kjøp frå kommunar	1200	1100	Revisjon	79 002	0	79 002	79 002	
14290	Betalt mva - komskompensasje	1200	1100	Revisjon	39 433	38 760	0	38 760	38 760
17290	Momsrefusjon drift	1200	1100	Revisjon	-39 433	-38 760	0	-38 760	-38 760
19400	Bruk av disposisjonsfond	1200	1100	Revisjon	-79 002	0	-79 002	-79 002	
			1100	Revisjon	151 730	158 854	0	158 854	165 000
10802	Tapt arbeidsforteneste	1200	1101	Kontrollutval	0	10 000	0	10 000	10 000
10803	Møtegodtgjering	1200	1101	Kontrollutval	28 394	24 500	0	24 500	28 000
10990	Arbeidsgevaravgift	1200	1101	Kontrollutval	4 004	4 865	0	4 865	5 400
11001	Faglitteratur, tidsskrift, avis	1200	1101	Kontrollutval	350	2 000	0	2 000	500
11150	Matvarer	1200	1101	Kontrollutval	1 280	1 500	0	1 500	1 500
11501	Kurs/ opplæring	1200	1101	Kontrollutval	0	15 000	0	15 000	15 000
11600	Skyss- og kostgodtgjering	1200	1101	Kontrollutval	0	5 000	0	5 000	5 000
11950	Kontingentar	1200	1101	Kontrollutval	1 200	1 100	0	1 100	1 300
12700	Konsulenttenester	1200	1101	Kontrollutval	11 081	165 201	0	165 201	165 201
13300	Kjøp frå fylkeskommunen	1200	1101	Kontrollutval	109 990	96 000	0	96 000	99 000
14290	Betalt mva - komskompensasje	1200	1101	Kontrollutval	30 268	89 640	0	89 640	89 640
17290	Momsrefusjon drift	1200	1101	Kontrollutval	-30 268	-89 640	0	-89 640	-89 640
			1101	Kontrollutval	156 298	325 166	0	325 166	330 901
					308 028	484 020	0	484 020	495 901



Sekretariatet for kontrollutvalet v/Kari Nygard

Vår referanse  
11/631/14/39/INT/JEB

Arkivkode  
FE-033, TI-&17

Dykkar referanse

Dato:  
02.01.2014

**MELDING OM VEDTAK I SAMNANGER KOMMUNESTYRE 18.12.2013 -  
REVISJONSAVTALE OG VURDERING AV OPSJON**

Me melder med dette frå om at Samnanger kommunestyre 18.12.2013 gjorde følgjande vedtak:

**KS-066/13 VEDTAK:**

1. Samnanger kommune vel å nytta opsjon på kjøp av revisjonstenester, slik at Deloitte AS også er revisor for 2014 og 2015 inkludert reviderar rekneskapen for 2015. Det ver lagt til grunn at Deloitte AS er kommunen sin revisor tom 30.06.2016.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom 01.07.2016. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
  - a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument.
  - b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
  - c. Vurdera mottekne tilbud og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Med helsing

  
Jan Erik Boge  
stabssjef





Sekretariatet for kontrollutvalet v/Kari Nygard

Vår referanse  
11/631/14/38/INT/JEB

Arkivkode  
FE-033, TI-&17

Dykkar referanse

Dato:  
02.01.2014

**MELDING OM VEDTAK I SAMNANGER KOMMUNESTYRE 18.12.2013 -  
STANDARD ATTERHALD OM KOMMUNAL KONTROLL**

Me melder med dette frå om at Samnanger kommunestyre 18.12.2013 gjorde følgjande vedtak:

**KS-067/13 VEDTAK:**

1. Kommunestyret vedtek at det skal innarbeidast standard atterhald om kontroll der det av kommunale midlar vert ytt nye tilskot til:
  - a. Kjøp av aksjar og andre eigardeler i selskap
  - b. Stiftingar
  - c. Organisasjonar, aktivitetar og liknande.
2. I slike døme skal det takast atterhald om høve for kommunen og kommunen sin revisor til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn naudsynt for sin kontroll.

Med helsing

  
Jan Erik Boge  
stabssjef



Sekretariatet for kontrollutvalet v/Kari Nygard

Vår referanse  
11/631/14/28/INT/JEB

Arkivkode  
FE-033, TI-&17

Dykkar referanse

Dato:  
02.01.2014

## **MELDING OM VEDTAK I SAMNANGER KOMMUNESTYRE - RAPPORT ETTER SELSKAPSKONTROLL AV BUSINESS REGION BERGEN**

Me melder med dette frå om at Samnanger kommunestyre 18.12.2013 gjorde følgjande vedtak i sak 068/13:

### **KS-068/13 VEDTAK:**

1. Kommunestyret i Samnanger merkar seg det som kjem fram i rapport etter selskapskontroll av Business Region Bergen AS.
2. Når det gjeld den gjennomførte selskapskontrollen av Business Region Bergen AS, ber kommunestyret selskapet syta for å:
  - a. Ferdigstille arbeidet med å utarbeide fullmaktsstruktur for selskapet og styreinstruks for styret.
  - b. Sikre at samarbeidsavtalane i tilstrekkeleg grad avklarar rollar- og forventningar mellom partane.
  - c. I samband med revidering av Strategisk næringsplan i 2014 arbeider for å tydeleggjere ansvarslinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.
  - d. Utarbeide skriftlege rutinar for innkjøp og kontraktsoppfølging, og sikrar at innkjøp vert gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
  - e. Etablere eit system for å registrere og følgje opp avvik, som er tilpassa selskapet sin storleik og risikoforholda for verksemda.
  - f. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
    - i. Styrevervregistrering
    - ii. gjennomføre årleg eigenevaluering av styret
    - iii. utarbeide plan for kompetanseutvikling
  - g. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjettet.
  - h. Etablere system og rutinar for prosjektstyring, og fastsetje budsjetttrammer for prosjekt av vesentleg storleik.
  - i. Utarbeide retningslinjer for bruk av innleidde ressursar.
  - j. Vurdere om det er behov for at selskapet i større grad rapporterer til alle eigarane om ressursbruken i selskapet (jf. praksis med rapportering til Hordaland fylkeskommune).

3. Laga ein plan innan 01.03.14., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Med helsing

  
Jan Erik Bøge  
stabssjef



FAGKONFERANSE KONTROLL OG TILSYN

HAUGESUND 3-4. JUNI 2014

ÅRSMØTE I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN 3. JUNI 2014



[www.fkt.no](http://www.fkt.no)

<b>Dag 1</b>	<b>Tirsdag 3. juni 2014</b>
09.00 – 10.00	Registrering med mat
10.00 – 10.15	Åpning av konferansen. <b>Per Rune Vereide, styreleder FKT</b>
10:15 – 10.45	Velkommen til Haugesund. <b>Ordfører i Haugesund Petter Steen jr.</b>
10.45 – 11.15	Nytt fra KMD, forventninger og fremtidstanker. <b>Statssekretær Jardar Jensen</b> Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD)
11.15 – 11.30	Spørsmål og kommentarer fra salen
11.30 – 11.45	Pause (Kaffe)
11.45 – 12.15	Presentasjon og overlevering av veileder om høringer i kontrollutvalgene. <b>Wencke Sissel Olsen og Hans Blø, FKT</b>
12.15 – 13.00	Lunsj
13.00 – 14.00	Forvaltningsrevisjon som verktøy i kontrollarbeidet <b>Riksrevisor Per Kristian Foss</b>
14.00 – 14.15	Spørsmål og kommentarer fra salen
14.15 – 14.45	Er forvaltningsrevisjonsarbeid interessant utenfor kontrollutvalget? <b>Arnt – Heikki Steinbakk</b> Formannskapet i Stavanger
14.45 – 15.00	Spørsmål og kommentarer fra salen
15.00 – 15.30	Samfunnstrygghet og beredskap
15.30 – 15.45	Spørsmål og kommentarer fra salen
	<b>ÅRSMØTE I FKT</b>
15.45 – 16.00	Registrering årsmøtet i FKT med kaffe
16.00 – 16.45	Årsmøte FKT
<b>17.15</b>	<b>Sosialt arrangement</b>

<b>Dag 2</b>	<b>Onsdag 4. juni 2014</b>
08.30 – 09.00	<b>Filmfremvisning «Det åpne landet»</b>
09.00 – 10.00	Pensjonsproblematikk i kommunene. <b>Bjørn Brox fra Agenda Kaupang (og Kommunal Rapport)</b>
10.00 – 10.15	Spørsmål og kommentarer fra salen
10.15 – 10.30	Pause
10.30 – 11.15	Kommunelovutvalget, mandat, arbeid og fokus på egenkontroll <b>Leder av kommunelovutvalget, Oddvar Flæte</b>
11.15 – 11.30	Spørsmål og kommentarer fra salen
11.30 – 12.45	Lunsj og utsjekk
12.45 -13.30	Antikorrupsjon og etikkarbeid i kommunesektoren <b>Helge Kvamme fra advokatkontoret Selmer</b>
13.30 – 13.45	Spørsmål og kommentarer fra salen
13.45 – 14.15	Skråblikk <b>Arne Jensen, Generalsekretær Norsk redaktørforening</b>
14.15 – 14.30	Avslutning ved leder i FKT

## MÅLGRUPPE FOR KONFERANSEN

Kontrollutvalgsmedlemmer og ansatte i kontrollutvalgssekretariatene, ordførere, ansatte i Fylkesmannsembetene og andre som er opptatt og interessert i kontroll og tilsynsarbeid i offentlig sektor.

## PRAKTISK INFORMASJON

Konferansehotell: Rica Maritim Hotel, tlf. 52 86 30 00

Adresse: Åsbygaten 3, 55 28 Haugesund

## INFORMASJON OM ÅRSMØTE

Årsmøtet er kun for medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet innen 6 uker før årsmøtet, altså innen 22. april 2014

Styret sender ut sakspapirene 2 uker før årsmøtet, innen 20. mai.2014

Dersom din kommune / ditt sekretariat ikke er medlem i FKT, men ønsker å møte på årsmøtet med stemmerett, må innmelding skje innen 20. mai 2014

Leder i valgkomiteen: Odd Uglem, 2560 Alvdal / [odd@meskano.no](mailto:odd@meskano.no) / Mobil: 40037905 (jobb) / 90056442 (privat.)

Ønsker du mer informasjon eller medlemskap i FKT? Se hjemmesiden [www.fkt.no](http://www.fkt.no) eller kontakt sekretariatet.

## KONTAKTINFORMASJON TIL SEKRETARIAT:

Hogne Haktorson: Tlf. 55 23 94 53 / 91 10 59 82 eller Roald Breistein: Tlf. 55 23 94 47 / 97 50 51 52

E- postadresse: [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no)

# PÅMELDING

Påmelding via FKTs hjemmeside: [www.fkt.no](http://www.fkt.no)

Bindende påmelding **innen fredag 11. april 2014.**

Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgebyr på kr. 500,- i tillegg til eventuelle kostnader FKT får til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltakeravgift.

## DELTAKERAVGIFT

- Deltagelse med overnatting: Kr. 5.400,- (Ikke medlem kr. 5.800,-)
- Deltagelse uten overnatting, sosialt arrangement og middag: Kr. 4.300,- (Ikke medlem kr. 4.700,-)
- FKT har reservert rom på konferansehotellet. Tildeling ut fra mottatt påmelding (først til mølla).
- Ekstra overnatting 2. – 3. juni 2014 Kr. 1.300,-

## ANNEN INFORMASJON

### Filmen «Det Åpne Landet»

Husk at du er i filmbyen Haugesund, på hotellet hvor Amanda prisene deles ut hvert år. I Auditorium Lille Maritim vises en fantastisk film, som på 3 lerret presenterer regionen på en glimrende måte. Filmens varighet er 23 minutter og vises to ganger:

- Mandag. 2. juni kl. 21.00 (for dem som kommer kvelden før)
- Onsdag. 4. juni kl. 08.30.

### Sosial utflukt med kongelige tilsnitt.

- Bussene henter oss utenfor hotellet kl. 17.15, og kjører til Avaldsnes i Karmøy kommune.
- I **Nordvegen Historiesenter** ønskes vi velkommen i Kongshallen. En audiovisuell Harald Hårfagre tar oss med på en reise gjennom tid og rom og forteller oss om den spennende historien på Avaldsnes
- Omvisning også i **Olavskirken** – den snart 1000 år gamle middelalderkirken som var et viktig stoppested for pilgrimene som skulle til Nidaros.
- På retur vil bussene passere **Haraldshaugen** – det kjente minnesmerket om Harald Hårfagre som samlet Norge til et rike. Tilbake på hotellet ca. kl. 19.30/19.45.
- Middag på hotellet kl. 20.30

### Flyplass

Haugesund lufthavn ligger på Helganes i Karmøy kommune. Avstand 13 km.

Flybussen går til hotellet / reisetid 25-30 min. / Pris 70,- (T/R 110)

Taxi / reisetid 15-20 min. / pris ca. 350,- dagtid / ca. 450,- kveld.





Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033  
Arkivnr: 2014/232-1  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	8/14	11.03.2014

## Gjennomgang av møteprotokollar

Møteprotokollar gjev informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Kommunestyret	Svein Verner Rødseth
Formannskapet	Elin Dyrseth Liøen
Utval for oppvekst og omsorg	Hans Solberg
Naturutvalet	Lena Tveit

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 18.12.13 og 05.03.14.
- Formannskapet 19.12.13, 06.01.14, 05.02.14 og 12.02.14.
- Utval for oppvekst og omsorg 18.02.14.
- Naturutvalet 09.12.13 og 12.02.14.

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

PS 9/14 Eventuelt